

PROTOKOLL NR.: 08 09-11

FRÅ : ALPINKOMITEEN

STAD/DATO : Skei, 10. mai 2011

TIL STADES : Lilly Schøyen, Roar Birkeland og Yngve Thorsen (adm.)

FORFALL : Atle Hamar, Martin Hopland og Rune Espe

MERKNADER : Ingen

SAKLISTE

Sak 57 09-11 Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll nr. 07 09-11
Sak 58 09-11 Oppsummering sesongen 2010/ 2011
Sak 59 09-11 Rammer for terminlista 2012
Sak 60 09-11 Fjord1 samlingar sesongen 2011/ 2012
Sak 61 09-11 Krinslaget 2011/ 2012
Sak 62 09-11 Alpinkomiteen sitt Vårmøte 2011
Sak 63 09-11 Rekneskap pr. 31.12.2010
Sak 64 09-11 Rekneskap pr. 30.04.2011

Eventuelt

Sak 57 09-11 | **Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll nr. 07 09-11**
Bakgrunn
Innkalling, sakliste og protokoll nr. 07 09-11 er utsendt på førehand.

Vedtak
Alpinkomiteen godkjenner innkalling, sakliste og protokoll nr. 07 09-11.

Sak 58 09-11 **Oppsummering sesongen 2010/ 2011**
Bakgrunn
Alpinkomiteen oppsummerte sesongen 2010/ 2011 på følgjande punkt:

- Skirenn og arrangement
 - o gode tilbakemeldingar på den nye strukturen i terminlista
 - o mogleg ein burde hatt eit krinsrenn tidlegare i januar
 - o generell auke i deltaking på krinsrenn samanlikna med sesongen 2009/ 2010
 - o generell auke vedr. deltaking i Fjord1 Cupen
- Breiddeidrett/ rekruttering
 - o alpinsporten i fylket har ei generell auke i tal born som har tilslutning til idretten
 - o fråfallsproblematikken er fortsatt gjeldande, og ein ser at fråfallet set inn først i klasse 12/13 år og deretter når løparane skal til med deltaking i FIS.

- Sportslege resultat
 - o god deltaking og gode resultat på FIS renn
 - o gode resultat ifbm. NM sr., NM jr I og II
 - o svært gode resultat på Landsfinalen 2011 (begge kjønn)
 - o gutane hadde gode prestasjonar på HL 2011, medan jentene hadde plasseringar midt på treet
- FIS renn i Jølster/ LF 2011 (rapp. frå NSF og TD)
 - o samla sett har Jølster IL avvikla to gode FIS renn, i tillegg til ein godt gjennomført Landsfinale

Vedtak

Alpinkomiteen tek saka til orientering.

Sak 59 09-11

Rammer for terminlista 2012

Bakgrunn

Erfaringane med endringane i terminlita som vart gjort føre sesongen 2010/ 2011 er gode. Leiar i alpinkomiteen og adm. fremmar forslag om at ein legg til grunn same struktur for terminlista 2012.

Framlegget baserar seg på følgjande struktur:

- følgjande arrangørar blir tildelt eit kvalifiseringsrenn etter søknad:
 - o Haugen IL
 - o Stryn T&IL
 - o Breimsbygda IL
 - o Jølster IL
 - o Førde IL
 - o Sogndal IL
 - o Hafslo IL
- som eit utgangspunkt blir det lagt opp til ei rennhelg i kvar region t.d. etter følgjande modell:
 - o Nordfjord
 - Breimsbygda IL – laurdag
 - Stryn T&IL – søndag
 - o Sunnfjord
 - Førde IL – laurdag
 - Jølster IL – søndag
 - o Sogn
 - Hafslo IL – laurdag
 - Sogndal IL – søndag
 - o Fartshelg på Harpefossen/ Haugen IL

I tillegg skal følgjande arrangement avviklast:

- Fjord1 Cup
- Finale Fjord1 Cup
- Even Hole Cup
- Grotlirena
- Fjord1 samlingar i samarbeid med Kjus Rennskule.

Komiteen bør også vurdere om ein skal terminfeste eit arrangement i tillegg til arrangementa som er nemnde ovanfor tidleg i sesongen (januar).

Dato for dette arrangementet bør fastsettast i terminlista, men arrangøren bør avklarast først når ein veit kva anlegg som har gode skiforhold på dette tidspunktet.

Det er elles komt innspel om at ein bør leggje til rette for to fartshelgar i fylket i 2012. Vidare ynskjer Haugen IL å vere fast arrangør av den eine fartshelga i framtida. Dvs. at Stryn T&IL og Jølster IL kan veksle på gjennomføring av den andre fartshelga, og at KM i Super G blir lagt annakvart år til Stryn T&IL og Jølster IL.

Vedtak

Alpinkomiteen gjer vedtak om å leggje fram skissert struktur for Vår møte.

I tillegg skal følgjande personar lage klart skisse for terminliste for Vår møte:

- Lilly Schøyen
- Roar Birkeland

Sak 60 09-11

Fjord1 samlingar 2011/ 2012

Bakgrunn

Kjus Rennskule har følgjande framlegg til samlingsplan sesongen 2011/ 2012:

- Samling nr. 1, Juvass – 26.-29. mai 2011
- Samling nr. 2, Juvass – 01.-04. september 2011
- Samling nr. 3, Hintertux – 09.-16. oktober 2011
- Samling nr. 4, Hafjell – 24.-27. november 2011
- Samling nr. 5, Hafjell – dato ikkje avklara
- Samling nr. 6, Sogndal – dato ikkje avklara

Vedtak

Alpinkomiteen vedtek følgjande samlingsplan for sesongen 2011/ 2012

- Samling nr. 1, Juvass – 26.-29. mai 2011
 - Kjus Rennskule stiller med trenar for to treningsgrupper
- Samling nr. 2, Juvass – 01.-04. september 2011
 - Kjus Rennskule stiller med trenarar for to treningsgrupper

- Dersom snøforholda på Juvass er dårlege på tidspunktet for denne samlinga, skal ein avklare om Kjus Rennskule kan gjennomføre barmarkssamling i Sogn og Fjordane 01.-04. september 2011.
- Samling nr. 3, Hintertux – 09.-16. oktober 2011 (Haustferie)
 - Kjus Rennskule stiller med trenarar for to treningsgrupper
- Samling nr. 4, Hafjell – 24.-27. november 2011
 - Kjus Rennskule stiller med trenarar til tre treningsgrupper

Adm. følgjer opp dato for samling med Kjus Rennskule i januar og februar 2012.

Alpinkomiteen ynskjer å gjennomføre Fjord1 samling på Hafjell 12.-15. januar 2012.

Aldersgrenser

Samlingane på Hafjell er opne, dvs. at det ikkje er nedre aldersgrense m.o.t. deltaking.

Samling nr. 1 på Juvass er for utøvarar f. 2000 og eldre

Samling nr. 2 på Juvass er for utøvarar f. 2001 og eldre

Samlinga i Hintertux er for utøvarar f. 2001 og eldre

Fastsetjing av treningsavgift på Fjord1 samlingane

Alpinkomiteen fastset treningsavgifta til kr 350,- pr løpar pr. dag i samband med Fjord1 samlingane 2011/ 2012.

Sak 61 09-11

Krinslaget 2011/ 2012

Bakgrunn

I sitt vidare arbeid med tilrettelegging av aktiviteten i fylket må komiteen ta stilling til vidareføring av krinslaget i alpint.

Vedtak

Alpinkomiteen gjer vedtak om at krinslaget skal fungere etter følgjande modell:

- komiteen legg til rette for om lag same samlingsopplegg som før (barmark/ ski)
- ein legg opp til påmelding ifbm. dei ulike samlingane ihht. aldersgrenser fastsett av komiteen
- utøvarane vert fakturert for treningsavgift og kostnader med overnatting ifbm. kvar enkelt samling
- aldersgrensene for barmarkssamlingane vert for sesongen 2011/ 2012 sett til f. år 2000
- utøvarar f. år 2000 og eldre får anledning til å kjøpe bekledning gjennom Sogn og Fjordane Skikrins

- ein skal førespørje Geir Foss om å vere hovudtrenar på barmarkssamlingane.
- ein skal vidareføre opplegget for aktuelle FIS løparar jf. sesongen 2010/ 2011. Komiteen gjer vidare vedtak om at eigendelen for å delta på fellesopplegget i samband med FIS-renna skal vere kr. 2 500,. Eigendelen skal nyttast til dekking av reise og opphald for hovudleiar ved seks/ sju FIS renn (inkl. NM jr. I og II)

Sak 62 09-11

Alpinkomiteen sitt Vår møte 2011

Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Vår møte 2011 skal avviklast måndag 23. mai på Skei, Skei Hotell.

Vedtak

Alpinkomiteen gjer vedtak om følgjande sakliste i samband med Vår møte 2011:

- Sak 01) Evaluering av sesongen 2010/ 2011
- Sak 02) Fjord1 samlingar 2011/ 2012
- Sak 03) Krinslaget 2011/ 2012
- Sak 04) Opplegg for FIS løparar 2011/ 2012
- Sak 05) Terminlista 2012
- Sak 06) Økonomi og budsjett
- Sak 07) Eventuelt

Alpinkomiteen oppmodar laga å melde inn aktuelle saker til Vår møte.

Sak 63 09-11

Rekneskap pr. 31.12.2010

Bakgrunn

Rekneskap pr. 31.12.2010 er utsendt på førehand.
Adm. la fram rapporten.

Vedtak

Alpinkomiteen godkjenner rekneskap pr. 31.12.2010.

Sak 64 09-11

Rekneskap pr. 30.04.2011

Bakgrunn

Rekneskap pr. 30.04.2011 er utsendt på førehand.
Adm. la fram rapporten.

Vedtak

Teke til orientering.

Eventuelt



Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins, alpikomiteen

Lilly Schøyen (s)
Leiar

Ref.

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef